

FAU ved Lærdalsøyri skule

(epost [faulaerdal@gmail.com](mailto:faulaerdal@gmail.com))

Heimeside: [www.faulaerdal.wordpress.com](http://www.faulaerdal.wordpress.com)

Lærdal kommunestyre

[post@laerdal.kommune.no](mailto:post@laerdal.kommune.no) (vert berre sendt som epost)

## **UTTALE TIL FORMANNSKAPET SITT BUDSJETTFRAMLEGG - 2011**

*FAU har drøfta gjennom formannskapet sitt budsjettframlegg for 2011 - gjeldande for Lærdalsøyri skule - som no er lagt ut til alminneleg (offentleg) ettersyn. FAU vedtok samrøystes - i møte den 18. november, i sak 3 - følgjande uttale;*

### **UTTALE TIL BUDSJETT FOR 2011 – LÆRDALSØYRI SKULE**

FAU har merka seg at den økonomiske råma for Lærdalsøyri skule for driftsåret 2011 er identisk i kronebeløp med inneværande årsbudsjett. Ein har vidare merka seg at det er eit markert avvik mellom skuleleiinga sin vurdering av trong for midlar og formannskapet sin vurdering av same.

Frå formannskapet si tilråding er teke inn, sitat;

*“Rådmannen får i oppdrag å gå gjennom organiseringa av skule og barnehagetenesta vår, der ein ser på den samla ressursbruken, fordelinga av ressursane mellom dei ulike delane av sektoren og kvaliteten målt mot ressursbruk. Utgangspunktet for eventuelle tiltak skal vere ei heilskapeleg vurdering av tenesta, dvs skuletilbodet i Lærdal og barnehagetilbodet i Lærdal. Formannskapet meiner gjennom dette at kvaliteten i skulen skal hevast med same ressursbruk som i 2011.”*

FAU har særleg merka seg siste setning i formannskapet sin budsjettkommentar; ”Formannskapet meiner gjennom dette at kvaliteten i skulen skal hevast med same ressursbruken som i 2011”. (Det meinast her truleg 2010 i staden for 2011).

Ein har vidare merka seg at ein avgrensar ”kvalitetshevinga” til berre å gjelda for skulesektoren, sjølv om ein ynskjer ei heilskapeleg vurdering av både tenestene skule og barnehage.

Skuleleiinga har i sin budsjettkommentar av 24. september mellom anna synt til at realnedgangen i den økonomiske råma vil få følgjande konsekvensar, sitat;

- 1 pedagogstilling går ut for heile året. Dette gjev lægre lærartettleik, noko som særleg vil merkast på ungdomssteget, der det vert to svært store elevgrupper (32 og 37). Det vil ikkje vere høve til å dele klassen med 32 elevar i to. Det vert lite høve til styrkingstimar for klassar i form av deling eller to-lærarsystem. Elevar med rett til særskilt tilrettelagt undervisning, kan få færre timar tildelt. Einskildvedtaka knytt til spes.ped. kan bli påklaga om dei ikkje er i samsvar med tilrådingane frå PPT.
- Stillinga som 50% vikar er teken ut. Det er ikkje budsjettert med sjukefråvær. Ved sjukdom må klassar/elevar vere utan pedagog/tilsyn. Klassar kan bli permitterte. Dersom kurs medfører vikarbruk, kan ikkje personalet få delta.
- Tilbodet “Inn på tunet” vert teke ut. Dette er eit kjærkomme tilbod for elevar som treng eit avbrekk i den vanlege skuleveka.
- Det vert lite høve til å delta på kurs/etterutdanning.

- Stillinga som dataansvarleg står på 25%. Dataparken vert ikkje fornya, noko som medfører at 8.-10.klasse må dele på 2 klassesett. Dei må i tillegg dele med mellomsteget.
- Entreprenørskapsressursen vert teken bort, noko som medfører at utviklingsarbeidet på dette området går seinare.
- Det ligg ikkje inne eigen ressurs til arbeidet med tilpassa opplæring og vurderingsarbeid med tette oppfølgingsamtaler. Med for låg lærartettleik kan ikkje dette gjennomførast.

FAU ved Lærdalsøyri skule kan ikkje akseptera at realnedgangen i dei økonomiske råmene får dei konsekvensar som av skuleleiinga er lista opp, jfr over. Herunder mellom anna samanslåing av noverande to 8. klassar til ein 9. klasse hausten -11, reduksjon av styrkingstimar (deling og to-lærarsystem), at det ikkje er budsjettert med sjukefråvær (på ein skule som har hatt eit særst høgt sjukefråvær seinare åra med periodevis fråvær av 1/3 av lærarstokken) – med resultat at klassar vert permitert ved sjukefråvær – samt at det ikkje vert gitt rom for fagleg oppdatering gjennom kurs og kompetansehevande tiltak, at enterpenørverksemda i skulen vert tatt ut og at ressursar til arbeid med tilpassa opplæring og vurderingsarbeid med tettare oppfølgingsamtalar ikkje kan gjennomførast.

Ovannemnde val av kostnadsreducerande tiltak vil få klåre negative følgjer for læringstilbodet for skuleelevane ved Lærdalsøyri skule til neste år. Dette er også spesielt utfordrande i ei tid kor resultatane frå nasjonale prøvar syner at elevane ved skulen ligg markert under fylket og landsgjennomsnittet i resultat.

**FAU vil spesielt uttrykke at det – sett frå vår ståstad som foreldre – er særst urovekkjande at det synest å vera eit markert avvik mellom dei vurderingar som ser ut til å vera gjort av skuleleiing og den vurdering som synest å vera gjort av formannskapet i høve til ressursutnyttinga for kommunen sine tre ulike skular.**

FAU forventar såleis at skuleeigar og skuleleiing finn fram til ei sams forståing av kva læringstilbod som skal gjevast ved Lærdalsøyri skule innafor dei til ei kvar tid tildelte ressursar. FAU forventar vidare at dette spørsmålet vert belyst nærare i samband med vedteken plan for prosjekt ”Gjennomgang av tenesteproduksjon i Lærdal kommune”, jfr kommunestyrevedtak i sak 67/10 av 6. oktober -10, samt til den gjennomgangen rådmannen skal ha i høve til vidare organisering av dei samla tenestene som omhandlar kommunen sine skular og barnehagar, jfr budsjettkommentar vist til ovanom. FAU vil her be om at desse prosessane inkluderer oss som brukarar av dei ulike kommunale ”oppveksttenestene” – og FAU ved Lærdalsøyri skule vil gjerne bidra i dette arbeidet.

**FAU krev at uteområdet ved Lærdalsøyri skule vert realisert i tråd med gjeldande planar som ligg føre.** Uteområdet er ein viktig del av skulen vår, og har no vore på dagsorden gjennom fleire år.

Avslutningsvis syner FAU til vårt vedtak av 29. september (sak nr 4) der vi ber kommunestyret om ei overføring på kr 10.000,- til drift av FAU ved Lærdalsøyri skule.

For FAU ved Lærdalsøyri skule 18.11.10

Hadle Blikra, leiar

**Følg med på arbeidet til FAU på heimesida vår: [www.faulaerdal.wordpress.com](http://www.faulaerdal.wordpress.com)**